



Langenes Bygg AS  
Kvassnesvegen 19  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13255 - 21/13009

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
25.02.2021

## Utsatt iverksetting - gbnr 60/28 Langenes

**Tiltak:** Gjenoppbygging av nøst  
**Byggjestad:** Gbnr: 60/28  
**Tiltakshavar:** Helge Langenes  
**Ansvarleg søkjar:** Langenes Bygg AS

I motteke klage frå Statsforvaltar i Vestland er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 20.01.2021 vedkomande dispensasjon og løyve til etablering av naust. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje td. uopretteleg skade eller tap for partane.

Saka gjeld tiltak i strandsona, der det ligg eit særskilt vern. Avgjerd i saka kan også få konsekvens for andre liknande sakar det er difor naudsynt å få ei endeleg avklaring før arbeid startar opp

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

**Aktuelt regelverk**

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i forvaltningslova (fvl) § 42.
- Krav om utsett iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Langenes Bygg AS

Kvassnesvegen 19

5914

ISDALSTØ